

Ullensvang herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, del. vedtaksmynde.	Møtedato	Saksnr
Heradsstyret	07.09.2015	63/2015

Endeleg vedtak i: Heradsstyret	Arkiv: N - 111.2	J.post id.	Arkivsaknr
Saksansv .: Magnus Steigedal	Objekt:	15/8523	15/767 - 2

HØYRINGSSVAR OM EIGEDOMSBESKATNING AV ARBEIDSMASKINER MV. I VERK OG BRUK

Vedlegg:

Dato	Tittel	Dok.nr
27.08.2015	Høyringsuttale frå KS til Finansdepartementet sitt forslag om å fjerne eigedomsskatt på produksjonsutstyr og produksjonsinnstallarsjonar i verk og bruk	190802
07.09.2015	LVK - Eigedomsskatt på verk og bruk.pdf	191296

Saksutgreiing:

Finansdepartementet foreslår kutt i eigedomsskatten på verk og bruk. Kutt som vil få dramatiske konsekvensar for kommuneøkonomien, med årlege milliardtap for norske kommunar.

Forslaget, som vart sendt på høyring 18. juni 2015 fører i realiteten med seg ei avskaffing av eigedomsskatt på verk og bruk (sjå vedlegg). Blant anna vil eigedomsskatt på kraftlinjer og vindkraftanlegg bortfalle i si heilhet. Høyringsfristen for departementets notat er 18. september 2015.

KS har lagd eit høyringssvar som ligg vedlagt saka. Svaret frå KS oppsummerar kva konsekvensar ei eventuell lovending vil få for Ullensvang herad.

Økonomiske konsekvensar:

For Ullensvang herad vil det bety eit tap på i underkant av 900.000 kroner med dagens eigedomsskatteverdiar.

Rådmannen sitt framlegg:

Heradsstyret støttar ikkje forslaget til endringar i eigedomsskatteregelverket, og gjer full støtte til KS sin uttale som følgjer saka som vedlegg.

Handsaming:

Dokument som vart sendt pr. e-post på møtedagen:
Uttale frå LVK av 31.08.2015.

Tilleggsframlegg frå ordførar Solfrid Borge (SP):
".....til KS og LVK sin uttale"

Røysting:

Framlegg frå rådmannen med tilleggsframlegg frå ordførar Solfrid Borge (SP)
vart samrøystes vedteke.

Heradsstyrevedtak 63/2015:

Heradsstyret støttar ikkje forslaget til endringar i eigedomsskatteregelverket, og gjev full støtte til KS og LVK sin uttale som følgjer saka som vedlegg.